

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.06.2018

Handsaming i møte

Skisse til program for tur til Voss 27. – 28.08.2018

Kontrollsjef, Hogne Haktorson, la fram ei skisse til program for møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 27. – 28.08.2018.

Kontrollutvalet slutta seg til skissa, med avslutning etter at programposten 14.00 til 15.30 er ferdig.

Deltaking på møte i fellesnemnda i Førde 22.06.2018

Sekretariatet vil vera til stades i dette møtet.

Leiar i kontrollutvalet ser om det let seg gjera for han å vera til stades.

Kontrollutvalsmøte 24. september 2018.

Avbod frå Åse Gunn Husabø grunna ferie.

Folkevaldopplæring januar 2019

Utvalet drøfta forslag til programpostar, og hadde slike innspel.

- Case frå eit par av kontrollutvala vil vera greitt.
- Utvalet uttrykte at forslag om eine temaet - om heilheitleg kontroll- og tilsynsplan - ikkje trong vera med.
- Noko drøfting og rundt andre evnt. programpostar.

Andre merknader:

- Føremon å ha framreise kvelden før samlinga, med program frå morgonen av dag ein til lunch dag to.

Åse Gunn Husabø måtte melda avbod til denne samlinga.

Samansetting av kontrollutvalet.

- Sara Berge Økland har permisjon frå kontrollutvalet tom. 30.06.18., og har stadfesta at ho kjem tilbake etter det.
- Ruth Grethe Ø. Eriksen har vore kontrollutvalsmedlem denne tida. Utvalsleiaren takka henne for arbeidet i utvalet i permisjonstida.

Vedtak

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.